

SPITFIREDAY PÅ STORD LUFTHAMN LAURDAG 04. JUNI 2016

18.05.2016



Harvard 2. Foto: Harald Hagen

Me har i lang tid jobba for å få ein Spitfire til Stord lufthamn. No har me endeleg lukkast. Laurdag 04. juni arrangerar me Spitfireday på lufthamna. Biltema kjem denne dagen til oss med Spitfiren sin. Spitfire spela ei aktiv rolle i Battle of Britain under den andre verdskrigen. Det vart produsert totalt 20.351 fly av denne typen. Då produksjonen var på det høgaste vart det produsert 320 fly i løpet av ein månad.

**Saab Safir**

Biltema sin Spitfire er av versjon LF Mk.XVIe, som er nesten identisk med den mest legendariske versjonen Mk. IX, og bygd i Castle Bromwich i 1945. Flyet vart fullført samstundes med at andre verdskrig tok slutt, og vart derfor aldri teken i bruk i krig. Flyet vart sett bort til 1949 og fekk kun tre år i aktiv teneste før det igjen vart teke ut av bruk i 1952.

I 2005 starta ei omfattende renovering av SE-BIR, som er registreringa flyet har i Sverige, og denne pågjekk i to år. I mai månad kom flyet til Ängelholms flyplass, og i dei siste fem åra har pilot Pär Cederqvist fløge ca. 250 timer i Spitfiren. "Den flyg godt og den svinger godt. Flyet er like lekkert som det ser ut," sier Pär om korleis det er å fly med Spitfiren. Biltema Airshow er fellesnamnet for flygeoppvisninga som oftast vert arrangert ved opning av Biltema sine nye varehus, men som også visar seg fram på flydagar, og som alltid gjev publikum ei oppleveling utover det vanlige, samstundes som det formidlar flyhistorie.

Spitfiren har den klassiske Rolls Royce Merlin-motoren, som er utvikla i England. Samme motor vart produsert også i USA under navnet Packard Merlin. Dei første versjonane hadde drøyt 900 hestekrefter, medan seinare forbetringar på motorane gjorde at motorane kunne yta oppimot 1700 hestekrefter.

Vickers Supermarine Spitfire Mk. XVI

- Motor: Packard Merlin 266
- Starteffekt: 1580 hk
- Spennvidde: 11,2 m
- Lengde: 9,6 m
- Maks startvekt: 3,4 tonn
- Maks hastighet: 660 km/t
- Maks rekkevidde: 815 km

Vi oppmodar publikum til å ta turen ut til lufthamna denne dagen. Her vil dei få sjå fly og helikopter av ulike slag, både på bakken og i lufta.

Fly og helikopter vil stå på statisk utstilling slik at publikum får høve til å ta dei i nærmere augesyn. I tillegg er det mogeleg å vera med Stordflyet på rundflyging i Sunnhordland. Det vil også verta rundflyging med helikopter for dei som måtte ynskja dette. For dei som vil ha litt ekstra spenning denne dagen er det mogleg å føreta tandemhopp i fallskjerm.

Portane opnar kl. 10:00 og presis klokka 14:00 startar flyoppvisninga.

Fylgjande aktørar deltek på Spitfiredagen :

- Bergen fallskjermklubb (fallskjerm- og tandemhopping).
- Spitfire (statisk utstilling og flyoppvisning)
- T-6 Harvard (statisk utstilling og flyoppvisning)
- Yak-52 (statisk utstilling og flyoppvisning)
- 2 stk Saab Safir (statisk utstilling og flyoppvisning)
- Haugaland Modellklubb stiller med mange modellfly (statisk utstilling og flyoppvisning)

- Danish Air Transport med ATR-42 «Stordflyet» (statisk utstilling og rundflyging)
 - Luftransport med helikopter (statisk utstilling og rundflyging)
 - Stord Flyklubb med mange fly og gyrocopter (statisk utstilling)
- Andre deltakarar kan komma til seinare.



Spitfire x2

Det vert sal av pølser, is, brus o.l. frå kioskar inne på flyplassområdet.

Nokre fly lagar meir lyd enn andre, så pass på øyra og ta med hørselsvern til dei minste.

Me vonar været er med oss denne dagen og ynskjer alle velkommen til ein innhaldsrik flydag på Stord lufthamn.

Tekst: Jan Morten Myklebust, lufthamnsjef Stord Lufthamn

Nett: Thor Inge døssland